

Rammer og handlingsrom for arbeid med læreplanar

Læreplanverket gir både ansvar for og handlingsrom til å tilpasse og vidareutvikle opplæringa. Men kva inneber eigentleg dette handlingsrommet?

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 18.05.2016

Læreplanverket (LK06) er forskrift til opplæringslova. Det betyr at læreplanverket er juridisk forpliktande for alle skolar. Elevane og lærlingane skal utvikle kompetanse i tråd med læreplanverket, uavhengig av kvar i landet dei går på skole eller i lære. Læreplanverket gir skolane ansvar for og handlingsrom til å tilpasse og vidareutvikle opplæringa.

Kva inneber lokalt handlingsrom og ansvar for læreplanarbeid?

Elevane skal utvikle kompetanse slik det er uttrykt i læreplanar for fag. Kompetansemåla er utforma slik at du kan tilpasse innhaldet i opplæringa til elevgruppa på mange ulike måtar. Korleis elevane arbeider for å nå kompetansemåla, kan derfor vere ulikt. Det er likevel ikkje mogleg å endre formuleringar eller verb i kompetansemåla for å tilpasse desse, da læreplanverket har status som forskrift.

Dei fleste elevane skal ha moglegheit til å nå kompetansemåla, men med ulik grad av måloppnåing. Tilpassa opplæring og elevmedverknad er viktige prinsipp i læreplanverket.

Med dette som utgangspunkt skal skolar og skoleeigarar leggje til rette for at

- elevane utviklar **kompetanse** i tråd med læreplanverket
- **progresjonen** i læreplanene er tilpassa elevane
- **vurderingsarbeidet** bidreg til å fremje læringa til dei enkelte elevane
- **lærestoff, arbeidsmåtar og organisering** av opplæringa bidreg til å nå måla i Kunnskapsløftet

Prinsipp som ligg til grunn for læreplanverket

Det er derfor nødvendig å etablere ei forståing for nokre prinsipp som ligg til grunn for læreplanverket.

Desse prinsippa er:

- kompetanse og kompetansemål
- grunnleggjande ferdigheiter
- progresjon i læreplanen
- val av lærestoff (innhald), arbeidsmåtar og organisering som er eigna til å nå kompetansemåla
- tilpassa opplæring
- elevmedverknad
- vurdering

Film om moglegheitene og handlingsrommet i læreplanverket

Marianne i Udir snakkar om moglegheitene og handlingsrommet i læreplanen, og kva som ikkje er til val. Ho tek opp tema som kompetanse, grunnleggjande ferdigheiter og vurdering.

Utdanningsdirektoratet: Å jobbe med læreplan, del 3 av 4

from Utdanningsdirektoratet

Et felles ansvar for oppfølging av lokalt arbeid med læreplaner

- Undervisningspersonalet skal tilrettelegge, gjennomføre og vurdere opplæringen i samsvar med LK06 (oppl. § 2-3 og § 3-4)
 - I samsvar med de fire vurderingsprinsippene
- Skoleleder skal følge opp det lokale arbeidet med læreplaner gjennom skolebasert vurdering (oppl. forskrift § 2-1)
 - Jevnlig følge opp om tilrettelegging, gjennomføring og organisering av opplæringen bidrar til at mål i LK06 oppnås
- Skoleeier skal følge opp det lokale arbeidet med læreplaner gjennom krav til kvalitetsvurdering (oppl. § 13-10)
 - Ha et system for å vurdere om krav i regelverket blir oppfylt
 - Utarbeide årlig rapport om tilstand i grunnopplæringen

Utdanningsdirektoratet

